



DEN NORSKE KIRKE

Oslo biskop

Påska er ikkje avlyst. Det er ikkje håpet heller.

Her kjem ei lita helsing til dykk som står på og er kyrkje lokalt i desse merkelege tidene. Først vil eg takke for den innsatsen de gjer og den kreativiteten de viser i møte med utfordringar vi berre for ein månad sidan ikkje i vår villaste fantasi kunne førestille oss. Eg får dagleg gode og til dels begeistra tilbakemeldingar om kva de gjer, kvar på dykkar stad, i denne situasjonen. Det er nettopp no mange som treng oss, og vi treng kvarandre.

Påska 2020 er ikkje avlyst. Vi må ikkje la nokon få inntrykk av det! Kanskje vil Jesu veg mot krossen, langfredagens liding og påskemorgons jubel over at dødskreftene ikkje fekk det siste ordet, slå sterkare inn over i oss i år?

Mykje av markeringa og feiringa av dei ulike dagane denne påskeveka vil ikkje skje inne i kyrkjeromma, men i heimane rundt om. Mange gudstenester blir overført gjennom NRK og også strømma frå di lokale kyrkje. Eg håper på det viset at mange kan ta del i salmesongen og bønene, og også oppleve at forkynninga og velsigninga er retta til akkurat deg.

Og at vi kan få tatt opp igjen tradisjonsrike skikkar både når det gjeld mat og leiker, nokre av det mange av oss hugsar frå barndomen: Som å gøyme påskeegg, kanskje koke egg på stranda påskedag, kanskje gå opp på ei høgde grytidleg påskemorgen og sjå sola danse av glede over oppstoda. Kanskje innføre nye skikkar som passar til ei ny tid? Kreative påskehelsingar gjennom sosiale media, dele oppskrifter, skrive påskebodskapet: «Kristus er oppstanden», «Jesus lever», «Håpet er ikke avlyst» med fargekritt på asfalten eller henge opp som banner. Legge påskeegg på matta til naboen? Henge påskeegg på tre som står utandørs? Hugs allereie neste år kan slike nye skikkar allereie vere tradisjon.

Det vil bli ringt og kima i kyrkjeklokkena på påskeaftan og også klokka elleve påskedag. Også det vil vere anledningar til å samle seg lokalt, opne vindauge ut mot verda, eller møtest med andre på balkongar? 2 av 4

Lat oss halde fram med å tenke på kvarandre og be for kvarandre. Det kan godt hende at når vi skal oppsummere erfaringane våre etter alt dette er over, vil nettopp bønene for kvarandre og verda vere noko av det som har vore vi har fått mest ut av, og som har lært oss mest om kva det er å vere kyrkje og å vere kristen også i etterkant av våren 2020. Eg ber om vi kan møtes ansikt til ansikt så fort som mogleg og ser meir og meir fram til det for kvar dag som går i denne unntakstilstanden. Håpet er ikkje avlyst.

Eg spurde teologen Oskar Skarsaune om ein refleksjon rundt det kristne håpet i koronaens tid. Eg vil takke han for det han gir oss og eg legg det ved her som ei helsing til dykk.

Fred og alt godt

Kari Veiteberg
Biskop i Oslo bispedømme